

**SAKSFRAMLEGG**

<b>Sakshandsamar:</b> Marianne Soleng	<b>Arkivkode:</b> FA - U62, TI - &18
<b>Arkivsaksnr:</b> 16/429	<b>Løpenr:</b> 17/5034
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

**SAKSGANG**

<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Kommunestyret	11.05.2017	016/2017

**Tysse Landhandleri AS - Salsløyve for alkoholhaldig drykk 2017 - 2020****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Tysse Landhandleri AS (org.nr. 918 656 928) v/ Ove-Henning Bjørsvik får med heimel i Alkoholloven §1-6 løyve til sal av alkoholhaldig drykk til og med gruppe 1. (jf. alkoholforskriften §1-1) i lokala i Ytre-Tysse 40 på Tysse i Samnanger kommune. Løyvet gjeld til 30.september 2020.

**11.05.2017 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

**Handsaming i møtet:**

Det vart røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Resultatet av røystinga vart som følger:

<b>For framlegget frå rådmannen</b>	<b>Imot framlegget frå rådmannen</b>
Roger G. Urås (A)	Inge Aasgaard (Krf)
Bright Olav Gåsdaal (A)	Gunn Totland Moss (Krf)
Vidar Tveiterås (A)	Øyvind Røen (Sp)
Olaug K. Øystese (A)	
Harald Boge (A)	
Øyvind Strømme (MDG)	
Arild Røen (H)	
Sture Tveit (H)	
Jon Magne Bogevik (politisk uavhengig)	
Karl B. Kollbotn (Frp)	
Gunnar Bruvik (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Knut Harald Frøland (Bl)	

Lena Tveit (Bl)	
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	
Martin Haugen (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	
Monica Tjønnå (Sp)	
<b>Totalt: 18 røyster</b>	<b>Totalt: 3 røyster</b>

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 18 mot 3 røyster.

**KS- 016/2017 Vedtak:**

Tysse Landhandleri AS (org.nr. 918 656 928) v/ Ove-Henning Bjørsvik får med heimel i Alkoholloven §1-6 løyve til sal av alkoholhaldig drykk til og med gruppe 1. (jf. alkoholforskriften §1-1) i lokala i Ytre-Tysse 40 på Tysse i Samnanger kommune. Løyvet gjeld til 30.september 2020.

**Dokument som ikkje er vedlagt:**

Søknad  
Alkoholloven m/ forskrift  
Uttale frå sosialtenesta og politiet

**Kva saka gjeld:**

Samnanger kommune mottok 23.03.2017 søknad om kommunalt salsløyve og seinare for sal av alkoholhaldig drykk gruppe 1 (jf. alkoholforskriften §1-1) frå Tysse Landhandleri v/ Ove-Henning Bjørsvik.

Løyvet skal nyttast i butikklokala i (Ytre-Tysse 40) på Tyssekaien. Eigaren av Tysse Landhandleri har planar om å opna forretninga så snart eit salsløyve er på plass.

**Vurderingar og konsekvensar:**

Vurderingar og konsekvensar:

Tysse Landhandleri AS vart skipa i februar 2017. Dette er det tredje landhandleri i rekkja starta av Ove-Henning Bjørsvik. Dei to andre, utanom forretninga på Tysse, er Kvamskogen Landhandleri AS og Evanger Landhandleri AS.

Sakshandsamar har hatt kontakt med skjenkekontrollen i Kvam herad i saka.

Skjenkekontrollen i Kvam har tilsynsansvaret for i alt totalt 11 kommunar, også i Samnanger og i Voss.

Skjenkekontrollen har ingen merknader i saka.

Kommunalt salsløyve for sal av alkoholhaldig drykk gjeld for opptil 4 år i gongen, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltre. Dersom kommunen etter kommunevalet har føretatt ein gjennomgang av alkoholpolitikken i kommunen samt vurdert løyvepolitikken, kan kommunen velja å gje løyve som går utover 4 år. Kommunen kan vedta at ingen løyver opphøyr, eller fastsetja nærare retningsliner for kva løyve det må søkjast fornying for.

Samnanger kommune har ikkje gått igjennom alkoholpolitikken i kommune i inneverande kommunestyreperioden. Dette gjer til at eit vedteke salsløyve for Tysse Landhandleri AS vil gjelda fram til seinast 30.september 2020.

Administrasjonen har henta inn uttale frå politi og sosialtenesta jf. alkohollova §1-7 samt vandelssjekk løyveharar og personar som har vesentleg innflytelse på verksemda opp mot

alkohollovgevinga og avgjerd i anna lovgjeving som har samanheng med alkohollova sitt formål.

Forhold som er eldre enn 10 år skal ikkje takast omsyn til. Det er i skrivande stund ikkje komme svar frå dei to etatane.

Eit vedtak må gjerast med forbehold om at politi og sosialteneste ikkje har merknader i saka.